Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1. Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Saltdal

Emne: Ard og Plog Bygdelag: Setså

Oppskr. av: Harald Skaveid Gard: Sommerrold

(adresse): Setså i Salten G.nr. 2 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Hovudsakeleg

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Både ard og plog er brukt her.

2. Arden bruker ein berre åt poteten. Kornet har ein stott harva ned her. No blir fjørharv og piggharv (rull) mykje brukt, men vi liker den gamle grindharva best åt kornet. I gamle dagar (ikkje så fælt gamle heller) brukte ein trenabbar i grindharva.

3. Her har eg ~~ikkje~~ ikkje høyrd ordet ard. Her seier ein „hestehakke" om den reidskapen ein nyttar åt poteten, både for å lage „vegar" og å hyppe med. Sume nyttar hesten, men mange dreg denne hyppeplogen, som sume kallar han. Men no er vi nokre som har arbeidd ein verkeleg ard at poteten. Det er etter ei teikning som stod i eitt eller anna blad. Han er framifrå til å lage vegar med, men skal vi kunne nytte han til hypping lyt vi sette små velt-fjøler på dei små skjera.

1428




Heimegjort ard. (at)

4. Ardene 1-4 har eg ikkje sett nokon stad. Derimot lyt ein vel seyje at 5 og 7 er kjende typer, i vissa for 25-30 år sidan.

5. Eg har ikkje sett skåk-typene 1 og 4.

6. Plovings-stokkene er vanleg namn på plogskjekene. Ein nyttar mykje tau-skjekker åt plogen. Det er betre for hesten. Det er så mykje snuing når ein skal pløye.

7. Ukjent.

8. Det var alltid veltfjøler på dei gamle arder.

9. Nei.

10. Ein nytta helst slepsko. 

11. Ardtypene 5-7 vart nytta åt poteten

1428 til rader og hypping. Sume hadde stillbare

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

veltfjøler. Ristill hadde alle.
Det var bare veltfjøler av jarn som var stillbare.

12. Desse ardene vart visst laga av bygdesmedane utan undantak.

13. No nyttar ein berre fabrikk-plogar. Undantak finst når det gjeld små, lette hyppeplogar.
Heimegjorte ploger og kjøpte gjekk nok lenge jamsides. Eg trur at fyrre verdenskrig gjorde eit skille her. Men helst lyt ein vel gå nokko lenger att i tida.

14. Jau, no har eg sett plog 8 her, og kanskje finst han enno. Heime i Tjøtta hugsar eg sagt plogkaren som var hos oss brukte summe av desse typene. Her er type 14 best kjent som gamal plog. Det vart då sjølsagt eit utal små variasjonar på plogane. Ein haghendt mann heime sette ihop ein plog av gamle spadar og anna jarn-skrammel i samband med tre.

15. Ja då, heime i Tjøtta hadde plogkaren støtt med ~~mat~~ „moldspaden". Han hang etter i ei stropp på styret.



Moldspade.

Her har eg ikkje sett moldspaden. Det



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

~~Dt~~ Skjem vissele av at det er sandlendt her, medan det var feit moldjord heime.

16. og 17. Det vanlege er ~~visst~~ nok å velte plogen til den sida der veltfjöla ikkje er. I så fall er det gjerne ein kloss. Vi tykkjer styrestonga blir så sliten, at vi legg han på den andre sida.

18. Det var ikkje vanleg, men det er kjent her. Det var for å få jorda velt den vegen ein ynskte når lendet var bakkut.

19. Ein nytta slepsko.

20. Ja, det var alltid ristell.

21. Nei.

22. Nei.

23. Ukjent.

Arden (Aln) hadde to veltfjöler, ei på kvar side. Plogen har ei veltfjöl på högre side.




1428

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING